

Stemneplassen er klargjort til Nasjonaldagen.

11.05.2017



Ein av to risdungar vart fjerna og køyrt bort.

Styret i Uskedal Friluftslag er godt nøgd med frammøte og arbeidet som vart gjort på Stemneplassen i går. Plassen vart rydda for lauv og gras. Ein større risdunge vart lest på traktortilhengar og køyrt bort. Dette kunne ein få til fordi Tormod Myklebust frå Bondelaget møtte fram med to traktorar og dertil eigna utstyr.

Av ti medlemslag var det frammøte frå fem. Desse laga var representerte på dugnaden:

- Uskedal helselag
- Uskedal musikklag
- Uskedal Bondelag
- Uskedal Indremisjon
- Røysterett for Alle

I tillegg kjem styret.

Ei større risdunge ligg att. Den skal lessast på hengar med klype eller frontlessar. Dungen er ris og greiner frå hogsten i vinter, men også frå anna rydding i bygda. Når det no er slutt på jonsokbål, må all kvist og kvast fjernast frå Friluftsplassen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ein pause med kaffi og kjeks høyrer med til ein dugnad. På bilete ser vi: Bjørgulv Eik, Jofrid Eik, Lars Myklebust, Tormod Myklebust, Einar Gjertsen, Anne Karin og Ove Myhre, Lars Hendrik Skogtun. Audun Eik og Kristian Bringedal var også med på dugnaden.